

Årsmelding for 2016 – mannskoret Ågapet

Årsmøtet vart halde 8/2 2016. Tore Midtsund blei vald til ny kasserar, ellers held Tore Skaug fram som leiar og Leif Roholdt som sekretær. Geir Notodden tek seg av IT arbeidet og marknadsfører oss på facebook og med heimeside. Adressa på heimesida er: aagapet, passord: 3850 kviteseid. Det er særst viktig i dag å markedeføre koret både for rekrutering og for å få oppdrag

Koret har hatt 14 betalande medlemmer og kontingenten vart sett til kr 1000,-

Øvingar: Vi har endra startpunktet for øvingane til kl 1900 og avslutte kl 2100, og det synest fungere bra med ei kaffepause på midten. Stan Blackburn er den same dirigent og inspirator for oss.

Styremøter: Vi hadde 2 styremøter på hytta til Eli Nordal i samband med felles konsert med Hagebykoret.

Konsertar / framføringar: Det blei ein travel og innhaldsrik vår for oss.

Det starta 6. mai med sang på Dalen hotell saman med danske Mand Hatten. Mykje folk og god stemning.

27. og 28. mai hadde vi vitjing av Hagebykoret, øving på fredag kveld og laurdag føremiddag, med konsert om kvelden. Etter konserten hadde vi eit hyggeleg samvære på Sundvang med heimelaga mat av beste sort. Stor takk til våre respektive som stilte opp. Kora song i kyrkja under messa på sundag.

12. juni song vi på bygdetunet i samband med lanseringa av dagbøkene etter Ole Blom.

17. juni song vi i Kviteseid kyrkje i samband med 100 års jubilet og føredraget til Sylfest Lomheim.

Tredje sundag i advent var vi med på den tradisjonelle julekonserten i kyrkja.

Vrådal, 20. feb 2017


For styret Leif Roholdt